

[ASKVOLL](#) [HISTORIE](#) [KULTUR](#) [BÅT](#) [PILEGRIM](#)

## Dramatisk heimreise i eit annleis ærend



BAKKEJEKTA: Pilgrimsfølgjet segla inn til Askvoll mandag 31. august. Foto: Natalie Liabø Hermansen

Av [Sofie Retterstøl Olaisen](#)

04. september 2020, kl. 10:17 [▼](#)

– Det blei litt dramatikk på fjorden, så då måtte vi minne oss sjølve på at St. Sunniva også er skytshelgen for sjøfarande.

DEL

f

...

Det seier John Einar Hovemoen.

Han jobbar som skipper på Bakkejekta. Denne veka er oppdraget å ta ein del av Sunnivaseglasen til minne om den historiske flyttinga av leivningane til St. Sunniva frå Selje til Bergen. Det skjedde for 850 år sidan.

Sunnivaseglasen går i etappar, som ein stafett av ulike gamle jekter og store robåtar. Ruta er Selja, Kalvåg, Kinn, Svanøy, Askvoll, Korssund, Hyllestad, Eivindvik, Kilstaumen, Lygra, Hamre og Bergen.

Bakkejekta skulle frakte pilegrimane frå Kinn til Korssund, med stopp på Svanøy og i Askvoll.

- Etter planen skulle vi segle frå Dalsfjorden ut til Kinn, inn mot Svanøy og deretter Askvoll, fortel han.

På Kinn skulle dei plukke opp Sunniva-skrinet og fire unge jenter som er med på pilegrimsreisa. Heilt slik vart det ikkje:

### **- Mykje vind**

- Vi fekk for mykje vind i feil retning og blei liggande ved Staveneset i 8 timer. Hadde det vore på 1200-talet, hadde vi brukt 16–18 timer om vi skulle ha bauta, det vil seie segla opp mot vinden.

Men det er det ikkje tid til i 2020.

### **Sunniva av Selja**

- Sunniva var ei kristen irsk kongedotter som levde på 900-talet.
- Legenda som blei skriven på latin rundt år 1170, fortel at ho flykta til Norge i 960-åra for å unngå ein heidensk friar.
- Sunniva og følget kom til øya Selja, og søkte tilflukt i ei hole som vi no kjenner som Sunniva-helleren.
- Under Håkon Jarl ville dei heidenske nordmennene fordrive dei framande. Sunniva ba til Gud, og det kom eit ras som stengde hola.
- Då Olav Tryggvason ca. 30 år seinaresamla beinrestane etter martyrane, blei Sunnivas kropp funnen heil og uskadd.
- Leivningane til Sunniva blei lagt i eit relikviseskrin som seinare blei sett i kyrkja som kong Olav Tryggvason bygde på øya.
- Sunniva blei ein lokalhelgen for Vestlandet, og for sjøfararar. Sunniva er Norges einaste kvinnelege helgen.

*Kjelder: Store norske leksikon, Forskning.no, NRK skule*

Dei fire jentene og skrinet måtte difor mønstre på i Florø, i staden for på Kinn. Dei kom alle trygt fram til Askvoll der dei blei møtt av song frå koret Skøy og tale frå ordføraren.



**ROLLEMODELL:** – Eg vil spreie bodskapen om kor kul St. Sunniva var. Ho stod for det ho trudde på, sjølv om ho ikkje hadde mykje makt, seier Victoria Lid, ei av dei unge jentene som vaktar skatten. Frå venstre: Sunniva Aadland, Elisabet Osdal, Victoria Lid, Dina Øien og John Einar Hovemoen.

## - 850 år er ikkje så lenge

– Det er ganske moro å vere med på å gjenskape noko i vår ganske nære historie. 850 år er jo eigentleg ikkje nokon ting når du tenkjer gjennom det.

Skipperen kjenner Bakkejekta godt. Han kjem frå kystlaget Leirung, og var med då Bakkejekta blei sjøsett i 2006. Rich Lennox er også skipper på Bakkejekta, og har vore med å lage årane til jekta på Jensbua kystkultursenter. Begge kystlaga ligg under Forbundet kysten. Dei tek vare på gamle båtar og bygningar, men også lærdommen om korleis dei skal brukast.

### Bakkejekta

- Bakkejekta var ein båt som segla mellom Sunnfjord og Bergen på 1700-talet.

- Bakkejekta er ei jekt med råsegli, det vil seie firkanta segl. Dei fyller seg fort med vind, men er også enkle å ta ned dersom vinden blir for sterk, seier Hovemoen.



SKIPPAR: John Einar Hovemoen er skippar på Bakkejeita på ferda til Askvoll. Foto: Sofie R. Olaisen


## Pilegrimsreise


Forbundet kysten bidrar til pilegrimsreisa med lokale og tidsriktige båtar langs heile ruta mot Bergen.

- Den originale båten som blei brukt til å frakte skrinet i, såg nokså lik ut som Bakkejekta. Vi er nok også like heidenske som fraktefolka på 1200-talet var, seier skipper Hovemoen og gliser skeivt.

Skipperen hadde nok med å passe båten og blei ikkje med på gudstenesta i kyrkja etter mottakinga ved Askvoll hamn.

I kyrkja møtte unge konfirmantar gammal historie. I løpet av gudstenesta bidrog dei også sjølv, og la brev med håp for framtida i Sunnivaskrinet som blei med vidare på pilegrimsferda, som hadde neste stopp i Korssund.





PILEGRIMSFERD: Her er reiseruta til Pilegrimsferda som etter planen kjem til Bergen laurdag kl. 14.00. Foto: Den norske kyrkja



GLAD PREST: Kjell Olav Høstaker Nordheim har nyleg starta som prest i Askvoll. Tidlegare var han sokneprest i Sogndal. Foto: Sofie R. Olaisen





**Lillian: - Eg har sett mykje rart. Men dette ...**

ANNONSE



**Gloppen satsar på eit levande sentrum**



**Starta nytt firma: - Eg måtte slutte med all reisinga. Kona var lei**




**Denne bygda har fått ei oppskining: - Mykje trivelegare, seier folk på gata**



**Utvidar opningstida på polet: - Det blir spennande å sjå**

## Kommentarer til denne saken



---

Til toppen

---

Utgitt av Firda Media AS • Adresse: Firdavegen 12, 6800 Førde • Ansvarleg redaktør: Kai Aage Pedersen  
• Administrerande direktør: Svein Atle Huus • Sentralbord: 57833300 • Tipstelefond: 57833333  
• Personvernspolicy / Informasjonskapsler • Redaktørplakaten • PFU  
• Firda Nett blir samla inn og lagra av Nasjonalbiblioteket regelmessig. Nettavisen vil bli gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale for forsking og dokumentasjon.

© 2020



DYREBAR LAST: Rich Lennox løftar skrinet som denne veka vert frakta frå Selje til Bergen til minne om flyttinga av Sunniva-skrinet i august 1170. Foto: Sofie R. Olaisen

### Lik Firda på Facebook

Lik dette [Ola Teigen](#) og 21k andre likar dette.

Les meir om: [Askvoll](#) [Historie](#) [Kultur](#) [Båt](#) [Pilegrim](#)

[Sjå kommentarar](#)

---

### Fleire saker

---

